



# ØyNytt

Nummer 4  
September 2019  
46. årgang

Kyrkjeblad for Øygarden



## Fornøgde øygingar på UL

**12** 35 ungdommar frå Øygarden deltok på UL, ein av dei største kristne ungdomsfestivalane i Norge.



## Kyrkjevalet 2019

**8** Kandidatane til soknerådsvalet  
Hjelme og Blomvåg sokn

**5** Vanskelegast av alt er kjærleiken

**7** Om litt brakar det laus for Øygardssong

**10** 50-årskonfirmantane 2019

**11** Eldreturen 3. juni 2019

**14** Ny prostiprest i Vesthordland prosti

# Kunngjering om gravlegging i to nivå – Blomvåg (nye) gravplass

Kyrkjeverja i Fjell, Sund og Øygarden kunngjer med dette at det ved bruk av vestre delen av Blomvåg (nye) gravplass vert gravlegging i to nivå (to høgder).




Kyrkjeverja viser til tidlegare kunngjering/varsel i ØyNytt.

Kyrkjeleg fellesråd forvaltar gravferdslova med tilhøyrande forskrift, på vegne av Stat og kommune.

Forskrift til gravferdslova § 18 gir heimel til å kunne gravlegge i to nivå. Den vestre delen av Blomvåg gravplass er no anlagt for å kunne gravlegge i to nivå.

Kva betyr dette i praksis: Ved opptak av grav grev me litt djupare enn før. Djupne for ei grav er fastsett i lov og forskrift. Slik er det også for gravlegging i to nivå. Første kiste vert sett ned og neste kiste vert sett over den første. Det er ingen ukjente eller framande som vert gravlagt i nivå 2. Denne ordninga erstattar tidlegare feste av grav ved sida av kvarandre. No vert begge kistene plassert i same grav. Ved gravlegging av kiste nr. 2 vil ingen merke at det er ei kiste frå før nede i grava. Det er klare retningsliner for overdekking av ei kiste.



Illustrasjonen viser korleis dette vert.

Ordninga vert tatt inn i vedtektene for gravplassane i nye Øygarden kommune. Gravferdsbyråa vert varsla om ordninga og vil gi pårørande melding når gravferda vert meldt.

August 2019  
Øygarden kyrkjelege fellesråd  
Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

## Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje/redaktør



Så er det snart slutt på sommaren for i år, i alle fall etter kalenderen. Rundt hjørnet kjem ei kommunesamanslåing som også påverkar Den norske kyrkja i Fjell, Sund og Øygarden. Ordninga med kyrkjelege fellesråd frå 1996 følgjer kommunegrensene. Når kommunane vert slått saman vert også fellesrådsgransene endra. Det kyrkjelege fellesrådet er samansett av medlemmer frå sokneråda. Fellesrådet har m.a. arbeidsgivaransvar for tilsette (ikkje prestane), økonomiansvar og ansvar for å forvalte gravferdsordninga. Kyrkjeverja er dagleg leiari for denne verksemda.

Allereie frå september vil det som var tre kyrkjestabar arbeide som éin stab. Formelt sett trer ikkje det nye fellesrådet i funksjon før 1.12.2019, men hausten vert brukt til å innarbeide det som er bestemt med omsyn til organisering og lokalisering av fellesrådet si verksemd.

For oss tilsette er det ei spennande tid me går i møte. Me kjenner ikkje dei økonomiske rammene for det nye fellesrådet, noko som har ført til at nokre viktige element i samanslåinga ikkje har fått ei avklaring.

Alle våre tilbod og aktivitetar er i full gang når du les dette bladet, etter somardvalen. Du er velkomen til å delta! Du er også velkomen til å delta som frivillig. Me treng mange fleire frivillige medarbeidarar i åra som kjem. Ta kontakt med nokon du kjenner i kyrkjelyden eller du kan kontakte kyrkjekontoret.

Ha ein fin haust.

Og Guds fred som overgår  
all forstand, skal bevare  
dykkar hjarte og dykkar  
tankar i Kristus Jesus.

Fil. 4.7.

## Gracias og gracia - Takk og nåde

Knut Kaldestad

Prostiprest



I seks år var eg sjømannsprest på Lanzarote. Eg var først og fremst prest for nordmenn i utlandet. Det vart mykje vafalar og risgraut og prat om Gamlelandet. Og praten gjekk som oftast på norsk. Men litt spansk lærde eg medan eg var der. To viktige ord liknar mykje på kvarandre på det språket: Gracias og gracia. Gracias betyr takk og gracia betyr nåde.

No når eg skal ta til som prostiprest i Vesthordland, vil eg løfte fram desse orda: Takk og nåde. For eg tenkjer: Det er mykje å være takksam for. Ikkje minst fordi eg - og mange andre - har møtt gode og rause menneske. Då kan vi takke for tilgjeving og nåde. Det menneske som kan kjenne på takksemnd og uttrykke takk, er rik.

Eg takkar for dei menneska som har berika meg med sitt nærver og sine ord. Eg takkar for gode og rause menneske eg har møtt på øyane her i vest – og ser fram til nye møte. Då seier eg som apostelen:

*«Eg takkar alltid min Gud for dykk, for Guds nåde som er gjeven dykk i Kristus Jesus. I han har de vorte rike...» (1 Kor 1,4f)*

Når eg no går inn i ei ny presteneste i fleire kyrkjelydar, helsar eg dykk med nokre viktige bibelvers. Ord som har prega meg sidan eg vart med i Laget og Joy Sing Sandane på 1970-talet:

*«For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. For vi er hans*

*verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.» (Ef 2,8-10)*

Gud, Skaparen, er overalt. Guds nåde er tilgjengeleg for alle. Vi møter det i Ordet og ved Bordet når vi møtes til gudsteneste. Nåden er ditt «kvardagskår», slik det vert uttrykt i ein salme:

*Nåden er kvar dag å få Herrens kjærleiksgåve  
Nåden er kvar natt du kan i Guds omsorg sove*

*Utan håp og utan Gud let vi døden råde.  
Tru og håp og kjærleik blir gitt av berre nåde.  
(Norsk salmebok nr. 500)*

Har vi fått nåde heilt gratis, er vi kalla til å takke, seie gracias – og så gje nåde vidare. Å vandre i gode gjerningar. Å dele nåde, gracia, raust til andre.



### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

**Telefon:** 55 09 74 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:** ØyNytt, postboks 144, 5331 Rong

**Utgjevar:** Øygarden sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Redaksjonen:** Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

**Distribusjon:** Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonser:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:** 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Øygarden.

Det er også mange abonnentar utanfor kommunen.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

#### Kjem ut i 2019:

4. oktober  
6. desember.  
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



### DEN NORSKE KYRKJA

**Telefon:** 55 09 74 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Øygarden kyrkjelege fellesråd**

**Besøksadresse:** Fjell kyrkjekontor, Temahuset, Tytebærbrekko 2

**Postadresse:** Postboks 144, 5331 Rong

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaioygarden

**Instagram:** kyrkjaioygarden

**Soknepresten i Øygarden:**

Espen Sigve Tveten

**E-post:** et838@kyrkja.no

**Telefon:** 56 38 22 40

**Leiar i soknerådet og kyrkjeleg fellesråd:**

Erling Vik

**Telefon:** 482 10 462

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:** 3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen** Vipps

# Blomvåg gravplass har fått namna minnelund

I eit nært samarbeid med Øygarden kommune har ein på kort tid fått anlagt namna minnelund på Blomvåg gravplass (den nye gravplassen). Den namna minnelunda på Blomvåg gravplass gjeld for urner.

**Tekst: Olav Martin Vik, kyrkjeverje**



Denne steinen er felles minnemerke på den namna minnelunda.

## Kva er ei namna minnelund

Ved gravlegging i namna minnelund vert namn og data til avdøde ført på ei namneplate på felles minnesmerke. Minnesmerke vert forvalta av gravplassforvaltninga. Det er ikkje høve til å ha eige gravminne eller opparbeida eige plantefelt. Det er eit eingongsgebyr

for montering av namneplate på minnesmerke.

Minnelundar vert stelt av gravplassforvaltninga. Blomar og lys kan setjast ned på tilvist stad ved felles minneplate. Kunstige plantar og batteridrivne lys kan ikkje nyttast.

Det er høve til å nytte symbol og leggje til ein tekst på namneplata. Symbol og tekst må ikkje vere støytande for andre besøkande, og skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

Ved feste av grav kan det setjast av plass til ekstra namneplate på minnesmerket.

## Kvifor ønskjer pårørande å sette ned urner i namna minnelund

Ein slepp då å montere eige minnesmerke (gravstein) og det vert mindre oppfølging av stell av grava. Folk reiser meir enn før og er gjerne borte i periodar då grava treng mest stell og så er det ein del som bur andre stadar i landet. Då er det ikkje lett å føre tilsyn med grava.

## Vedtekter for gravplassane

Frå 01.01.2020 vert det innført nye vedtekter for gravplassane i Fjell, Sund og Øygarden som følgje av kommunesamanslåinga. Vedtektene omtalar også ansvar og plikter som pårørande har, også for namna minnelund.

## Friluftsgudstenesta i Pardalsmyra 2. pinsedag ved sokneprest Espen Tveten.

Bra med oppmøte,  
i litt duskregn.



# Vanskelegast av alt er kjærleiken



Illustrasjonsfoto: Unsplash.com

Alle som går inn i eit samliv, gjer det med mykje optimisme. Har ein vore i bryllaup veit ein at stemninga nærast er eventyraktig og lys. All you need is love, syng Beatles og me nikkar med. Likevel kan kjærleiken som skulle vere det beste av alt, verte det vanskelegaste.

Eit samliv består av to heilt spesielle og forskjellige menneske som lever limt saman, med forventningar, behov, draumar, kjensler, skuffelsar, sårheit, konflikthar og mykje meir. Det er ikkje rart at mange samliv går i oppløysing, og me skal ikkje snakka lettvindt om samlivsbrot.

Du set bilen på service, for at den skal gå i all slags ver. Du må stole på at bilen fungerer. Kva med samlivet – livet saman? Kan du stole på det, i gode og utfordrande dagar? Det er veldig mykje meir komplisert enn ein bil. Til deg som lever med ein annan, når tok du sist ein sjekk av samlivet?

## Vanskeleg å snakka om

Ofte går me rundt og trur at andre sine samliv er i skjønaste orden. Har me sjølv trøbbel, er me dei einaste. For få vågar å dele vanskaner med andre før det er for seint. Men det er vel verdt å merka seg at alle som slit kan få det betre om ein søker hjelp eller har godt vedlikehaldsarbeid på samlivet.

Forsking på samliv syner effekt av samlivsvedtak, sjølv eit enkelt samlivskurs betrar dei alle fleste forhold, og minkar sjansen for alvorlege konflikthar og brot. Det

viktige er at ein tek dårlige signal på alvor, og startar arbeidet i tide.

I kyrkja lyftar me opp ekteskapet. Men ofte stoppar me for tidleg. For ferda stoppar jo ikkje med brullaupskysset på kyrkjetrappa. Det er i kvardagen me ser om kjærleik er handling og haldning og ikkje berre ord. Paulus kjem med ein utfordring: «Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode», skriv han til folket i Kolossæ. Så heng vekk finstasen og kle dykk i medkjensle for kvarandre og samlivet.

## Samlivskveld

Kyrkja i Øygarden ynskjer å gje hjelp til påfyll og vedlikehald av samlivet. I dette bladet finn du informasjon om ein samlivskveld helde av Familieskolen 3. oktober i barnehagen på Toftøy. Arrangementet er i regi av soknerådet. Dyktige fagpersonar vil gje praktiske og konkret innspel til å gjera samlivet enno litt betre. Lever du med ein annan: Ta ein prat rundt kjøkkenbordet om ikkje dette er noko de skal gjera. Mi erfaring er at me mannfolk er litt nølande til å hiva oss utpå, men synast det er fint når me kjem i gong. Det vert ikkje gruppesamtaler.

**Espen Sigve Tveten**  
Sokneprest i Øygarden



## Andre tips

Eg vil og slå eit slag for dei mange andre samlivskursar som finst på marknaden. Eit raskt søk på nett gjev mange treff. God litteratur finst også. Personleg har eg hatt stor nytte av «Kjærlighetens fem språk» av Gary Chapman. Den boka kan anbefalast.

Skulle nokon ha behov for samtale, er døra til mitt kontor open og terskelen låg. Kommunen har og tilbod til folk som ynskjer samlivshjelp. Ta da kontakt med Bente Guntveit hjå Familiens hus på tlf. 56 38 20 00.

## Størst blant dei er kjærleiken

Når Paulus sumerar opp kva som er størst av tru, von og kjærleik, kjem kjærleiken øvst. Her er det Guds kjærleik det er snakk om. Om me slit i samlivet, får for lite kjærleik eller har andre problem med kjærleiken, vit da at Guds kjærleik er større enn me kan ane. Han ynskjer alltid å vise oss sin kjærleik på ny. Størst av alt er hans kjærleik. Difor er døra til kyrkja, kontora, samlivskveldar og liknande open for alle uansett livssituasjon og utfordringar.

**Sjå annonse om samlivskveld torsdag 3. oktober kl. 19.00 på side 18.**

# Øygardssong

20. - 22. september 2019  
på Rong i Øygarden  
i Hjeltefjorden Arena



**Niclas & Roland**

**Mikael  
Järlestrand**

**Gospel Teens, Lyskastaren,  
Lovsangsteam – Lokale musikarar**

**Taler: Espen Tveten**



**GospelCompagniet, Bergen**

# Om litt brakar det laus for Øygardssong

For fyrste gong går dei kristne forsamlingane i Øygarden saman om denne song- og musikk helga. Det heile skjer i Øygardens nye storstove Hjeltefjorden arena 20.–22. september. Dette må du ikkje gå glipp av!

## **Tekst: Espen Tveten**

Dette vert ei helg med oppbyggeleg musikk, gode møte og åndeleg fellesskap. Me kjem saman i fellesskapet me har i Jesus Kristus og vil vere ein arena for kristenfolket i heile nye Øygarden. Det vert eit breidt utval av song og musikk med ulike artistar frå Sverige, Bergen og vår eigen region. Me ynskjer å løfte fram den gode budskapet til frelse, håp og fornying. Det vert konsertar og allsong fredag og laurdag kveld og gudsteneste søndag føremiddag.

Arrangementet Skjærgårdssang i Langesund er førebilete for vår eigen Øygardssong. Mange folk frå vårt distrikt reiser kvart år til Skjærgårdssang. Initiativtakarane til Øygardssong har mange gode impulsar og erfaringar med seg frå Langesund som dei ynskjer å gje til forsamlingane her hos oss. Me som står bak arrangementet er INRI-kyrkja, Pinsemenigheten Sion Øygarden, Vik bedehus og Den norske kyrkja i Øygarden.

## **Mikael Järlestrand**

Mikael kjem frå Malmø. Han er godt kjent frå TV-serien «Minns du sången» og har utgitt ei rekke plateinnspelningar. Mikael har m.a. deltatt i på Skjærgårdssang i Langesund. Det viktigaste seier han er «budskapet om ei tru som bär gjennom allt»

## **Niclas&Roland**

I 2020 er det 55 år sidan Curt Petersén og Roland Lundgren gav ut den første plata si under namnet Curt & Roland. Den suksessrike sangduoen som seinare fekk tilnamnet «Guds glade countryduo»,

var banebrytande innanfor den kristne musikken fordi dei var dei første til å nytta elgitarar og forsterkar. Curt gjekk bort i 2009, men etter det har sonen hans, Niclas, gått i kompaniskap med Roland. Dei to kjem til Øygarden.

Mikael Järlestrand og Niclas&Roland blir med både fredag, laurdag og søndag.

## **Gospelcompagniet Bergen**

Laurdag kveld vert det ein variert og flott konsert. Dei svenske artistane deltek. I tillegg kjem Gospelcompagniet Bergen. Dei har vore regionens leiande gospelkor i lang tid. Med gospelpreg og kraft vil dei formidla evangeliet på ein tydeleg måte. I 1996 gav Gospelcompagniet ut albumet «Spirit Come», og no, for tre år sidan kom trippelboksen «Saleg Blanding». Gospelcompagniet vert leia av Terje Kleppe.

## **GospelTeens**

GospelTeens er Øygardens eige gospelkor med øvingar i Blomvåg kyrkje og er under leiing av Olaug Rong. Det er ein fryd å sjå og lytte til dei. GospelTeens deltek laurdag og søndag.

## **Lovongsteam, husorkester og kafé**

Det vert heile helga med oss eit lovsongsteam og husorkester med dyktige personar frå Øygarden. Det vert og eigen festivalkafé og standsområde.

## **Gudsteneste**

Søndag vert det stor fellesgudsteneste i Hjeltefjorden arena. Dette vert ein song- og

musikk gudsteneste med mykje allsong. Her deltek våre svenske gjestar, samt barnekoret Lyskasteren og GospelTeens.

Arrangementa startar fredag kl. 19.00, laurdag kl. 18.00 og søndag kl. 11.00. Fredag og søndag er det fri entrè og kollekt vert teke opp. Til konserten på laurdag må ein kjøpe billett, enten på Ticketmaster.no eller i døra. Billettprisen laurdag er 250,-.

## **Velkomen**

Erling Vik er medlem av komiteen og av soknerådet og han seier om Øygardssong: «Dette meiner eg er eitt arrangement som vil favne om heile familien. Då tenkjer eg spesielt på søndagen med felles gudsteneste. Konsertane fredag og laurdag vil naturlig vere litt meir spissa inn mot det den enkelte liker, men her skal det vere eitt flott utval av song og musikk for ei stor gruppe. Me ønsker med dette å stå saman og formidle den rike arven me har av kristen song og musikk på tvers av ulike arbeidsgreiner. Håper på god oppslutning og at me kan få flotte dager saman.»

## **Frivillig hjelp**

Dette er eit stort arrangement for dei kristne forsamlingane i Øygarden. Me er derfor avhengige av at mange støttar opp og kjem og at mange bidreg med frivillig hjelp. Kan du bidra, ta da kontakt med kyrkjekontoret på et868@kyrkja.no eller andre kristne leiingar.

Velkomen til Øygardssong!

# Kyrkjevalet 2019

Valdagen er måndag  
9. september 2019.  
Vallokala er opne  
mellom kl. 09.00  
og kl. 21.00.  
Røystelokala  
(rommet) er tydeleg  
merka med kyrkjeval  
2019.

## Krins:

Toftøy

Rong

Blomvåg

Alvheim/Hatten/  
Bakken

## Stad:

Toftøy skule

Hjeltefjorden Arena

Blomvåg skule

Tjeldstø skule

## Kandidatane til soknerådsvalet:



### 1. Erling Vik

f. 1956

Pensjonist

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Fellesråds/soknerådsleder 2009–2019

#### Satsingsområde

Jobbe med Naturlig Menighetsutvikling slik at vi kan skape gode fellesskap både innanfor og utanfor våre kyrkjeveggar. Vidareføre det gode barne- og ungdomsarbeidet som er i Øygarden i dag. Jobbe for godt samarbeid mellom kyrkja og bedehusa.



### 2. Aina Elisabeth Hellesund

f. 1988

Lærer

#### Satsingsområde

Ekteskap

Trusopplæring for barn og ungdom.

Nådegaver og rettleiing til teneste som høver for den enkelte.

Husfellesskap



### 3. Gisle Kårbø Rong

f. 1976

Administrerende direktør

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Sokneråd og fellesråd 2015–2019

Kommunen sin representant i fellesrådet

#### Satsingsområde

Gudstenesteliv – Levande og relevante

gudstenester og andre samlingar.

Barn og unge

Diakoni



### 4. Gustav-Magne Landro

f. 1968

Politiinspektør

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Øygarden kyrkjelege fellesråd

2006–2009

Blomvåg sokneråd 1999–2006

Barne og ungdomsarbeid i søndagsskule, og på ymse bedehus og DNK 1980–d.d.

#### Satsingsområde

Vera pådrivar for at DNK legg til rette for kristent barne- og ungdomsarbeid. Legga til rette for sterkt fokus på sang- og musikkarbeid retta mot unge/vaksne i kyrkjelyden.

Søka samarbeid og samhandling med bedehusa og andre kristne trusamfunn i kommunen i tråd med god økumenikk.



### 5. Therese Dale Gerhardsen

f. 1991

Barnehageassistent

#### Satsingsområde

Barn og unge



### 6. Øyvind Solsvik

f. 1975

Lærer

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Blomvåg Sokneråd

Øygarden Kyrkjelege fellesråd

#### Satsingsområde

Arbeid for born og ungdom i kyrkja.

Godt gudstenestetilbod i gjennom kyrkjeåret.

Andre arrangement som styrkjer gudstenestene.

Song og musikk i kyrkja.



### 7. Elise Irene Karlsen

f. 1994

Sjukepleiar

#### Satsingsområde

Det diakonale arbeidet.

Trosopplæring blant barn – veien fra dåpen til konfirmasjonen.



### 8. Tormod Magnesen

f. 1988

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i Øygarden sokneråd 2015–2019

#### Satsingsområde

Musikk

Ungdomsarbeid



### 9. Astrid Johanna Nautnes Rustad

f. 1959

Kundevert

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Varamedlem i soknerådet 2015–2019

Medlem i soknerådet 2011–2015

Varamedlem i soknerådet 2009–2011

#### Satsingsområde

Framleis halde fokus på arbeid for barn og ungdom i den nye kommunen.

Satse vidare på misjonsprosjekta i Thailand.

Diakoni og besøksteneste.



### 10. Kjersti Larsine Waage Kårbø

f. 1959

#### Verv i kyrkjeleg samanheng

Ei rekkje kommunale råd og sokneråd

#### Satsingsområde

Diakoni

Frå ord til praksis.





**11. Øystein Vik**  
f. 1982  
Journalist

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Styreleiar Vik bedehus  
Ein av fleire leiarar i barnekoret Lyskastaren.

**Satsingsområde**

Barn- og ungdomsarbeid  
Meir felleskap på tvers av forsamlingane.



**12. Monica Breivik**  
f. 1977  
Fostermor

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Varamedlem til sokneråd og fellesråd i fleire periodar.

**Satsingsområde**

Barn og ungdom  
Kor/musikk  
Alle skal føle seg inkludert og velkommen i kyrkja.



**13. Liv Carina Tveit Blom**  
f. 1990  
Sjukepleiar

**Satsingsområde**

Familiegudstenester  
Barne- og ungdomsarbeid  
Trusopplæring



**14. Trygve Johannes Hellesøy**  
f. 1938  
Pensjonist

**Verv i kyrkjeleg samanheng**

Tidlegare medlem av sokneråd og fellesråd  
Presteteneste

**Satsingsområde**

Born og unge  
Diakoni i kyrkjelyden

# Uforgløyemelege Pasjonsspelet i Oberammergau



Screenshots frå tidlegare pasjonsspel i Oberammergau.

I snart 400 år har innbyggjarane i den vesle alpelandbyen Oberammergau kvar 10. år framført Pasjonsspelet om Jesu lidning, død og oppstode for millionar av tilskodarar frå heile verda.

**Turleiar: John Solsvik frå Øygarden**  
**10. – 17. juli 2020 (8 dagar)**  
**Turpris: kr. 18500,-**  
**Arrangør: Globus Travel**

**Kontakt: 924 68 547 (mobil)**  
**el.johns@dagen.no**

I 2020 skal spelet framførast 104 gonger frå 16. mai til 4. oktober. Bli med på ei gripande oppleving i det naturskjöne område i Bayern i Sør-Tyskland. Ei veker tur der vi også skal innom Hitlers Ørnerede i Berchtesgaden, Innsbruck, Salzburg, Wien m.m. Fly til München, turistbuss med norsk sjåfør, retur heim med fly frå Wien.

# Seksjonsleiar Diakoni er tilsett

Astrid Fylling er tilsett som leiar for seksjon diakoni i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Astrid går inn i stillinga etter Torbjørn Fjøren som vart pensjonist i sommar.



Astrid Fylling (61) arbeider i dag i ei kombinert stilling som diakon i Løvtakksiden menighet og Bergen internasjonale menighet og som prestevikar i Bergen internasjonale menighet.

Astrid Fylling har tidlegare vore misjonær i Mali, rådgivar ved Bjørgvin bispedømekontor i 14 år innanfor området diakoni og har erfaring som sjukepleiar knytt til asylmottak.

Ho har som grunnutdanning sjukepleie og har seinare teke årseining i diakoni og vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie.

Astrid vert presentert nærare i neste nummer av bladet.

*Olav Martin Vik  
kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden.*

# Gratulerer til 50-årskonfirmantane 2019!



## Jubilantane Hjelme

*Bak frå venstre:* Steinar Morten Hellesund, Ingvard Arvid Solvang, Svein Hansen, Kjell Helge Svellingen, Viktor Pahr, Jan Arne Karlsen

*Framme frå venstre:* Margit Heggøy Olsen, Else Beate Dāvøy, Gunnvi Ingrid Sæle Jokstad, Margun Karin Hjelme Gulbrandsøy, Anne Karin Harkestad Vindenes, Rita Lajla Sæle Høgestøl



## Jubilantane Blomvåg

*Bak frå venstre:* Kjell Arne Dale, Ragnar Toftvåg, Helge Herdlevær, Håkon Blomvågnes og Audun Rong.

*Framme frå venstre:* Nora Dale Halleraker, Ella Herdlevær Aarseth, Benthe Nielsen Kaalaas, Eli Rong Berge, Åshild Haugetun Våge og Vigdis Blom Øksnes.



*Eldreturens andre stopp var Bjørn West museet. Det vart skipa for å fortelja historia om motstandsgruppa Bjørn West. Dei hadde base i Matrefjella i Masfjorden og kom i kamp med tyske soldatar i april/mai 1945.*

## Eldreturen 3. juni 2019

Den årlege eldreturen gjekk i år til Stordalen Fjellstove.

Først var det lunsj i Knarvik og vitjing i Knarvik Kyrkje som er relativ ny. Her var me lova omvising i den store moderne kyrkja. Stor og gledeleg var overraskinga då me vart møtt av Ole D. Hagesæter, pensjonert biskop. Han bur i området, og var frivillig i kyrkja her. Stunda i kyrkja vart umåteleg fin forteljing og innleving gjorde sitt.

Så vitja me Bjørn West museet i Matre. Dette museet er no ein del av Museum Vest. Vår nære krigssoge er sterk. Guiden var sær flink til å levandegjera saga for oss. Krigen var dramatisk i Matre-fjella under 2. verdenskrigen.

Uheldigvis rasa vegen til Stordalen ut for eit par veker sidan. Den var enno ikkje opna att, så me laut køyra om Bjordalen, 1 time ekstra kvar veg. Sjøføren losa oss fint fram til Stordalen og me fekk god middag på fjellstova. Heimturen vart lang, men me kunne kvila i bussen. Berre blide andlet gjekk av bussen med eit « takk for turen». Då var klokka ca. 22.

*For komiteen  
Else Austbø*



*Björg Blom med Ole D. Hagesæther i Knarvik kyrkje.*

# Fornøgde øygingar på UL

35 ungdommar frå Øygarden tilbrakte ei veke i Kongeparken i Ålgård i sommar. Her deltok dei på UL, ein av dei største kristne ungdomsfestivalane i Norge.

**Tekst og foto:** Hogne Berland og Christopher Amenia



*Avslapping i sola*

Det er ei av dei varmaste vekene i sommar og i det litt for varme amfiet på Ålgård sitt ungdommane frå Øygarden saman med 2000 andre. Framme på scena er det lovsang, talar, film, bilder og generelt mykje lyd og lys. Kvar morgon og kveld er det møter her. I tillegg er veka full av seminar, aktivitetar og sjølvstund gratis inngang i fornøylesparken. UL (Ung landsmøte) er arrangert av IMF og NLM Ung.

Noah Dale, Elida Skålevik Nesse, William Waagen, Simen Jensen Oen og Steffen Magnussen Hernar er nokon av ungdommane som er her for første gong i år. William bestemte seg dagen før det starta for at han skulle reisa. «Eg hadde ikkje nokon spesielle planar denne veka, så det skjedde litt på impuls. Eg hadde

høyrte om UL og tenkte eg kunne testa det ut. Foreløpig har det vore den beste veka i sommarferien!»

På spørsmål om korleis førsteinntrykket av UL har vore er alle einige om at festivalen er veldig gjennomført. «Det verkar som at alt er godt planlagt og det er proft og bra.» Dei syns særleg lovsangen er bra. «Og basaren var altfor gøy», legg Steffen til. Alle meiner også at talane er gode. «Dei snakkar om relevante ting som treff oss ungdommar», forklarar Simen.

Magnus Kårbø Rong og Maria og Elias Solsvik har vore på UL tidlegare. Dei er tydelege på at UL er viktig for dei. «Eg får påfyll og får vite mykje meir. Eg føler at dei som arrangerer UL skjønner oss og forklarar

ting slik at vi forstår det», seier Maria. Dei synes for øvrig at konserten med Lisa Børud var eit av høgdepunkta.

Alle held fram det gode fellesskapet som er her. «Det er så mange her og så er faktisk folk her fordi dei er kristne. Det er eit stort kristent fellesskap», seier Noah. Elida legg til at ho har lagt merke til at alle er smilande og blide og at ein kan snakke med alle. Dei er ikkje i tvil på spørsmål om dei kan anbefala UL til andre. Dei oppfordrar alle dei kjenner til å melda seg på til neste år. «Du må også få med at det er halleluja-stemming her», understreker Elias tre-fire gongar og får dermed siste ordet.



Fornøgde ungdomar



På møte i amfiet

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**

Kyrkjelydspedagog



«Fake news» er eit uttrykk som har blitt populært dei siste åra. Det betyr falske nyheiter. Ein treng ikkje kikka lenge på Facebook før ein finn eksempel på nyheiter som opplagt er falske. Andre gongar kan det vera vanskelegare å vite om sakene er ekte. Dette kan gjera oss usikre. Kva er eigentleg sant?

Det fører også til at det er lett å velge seg dei nyhetene ein liker eller som stemmer med meiningane våre. Dei vi ikkje liker, kan vi jo berre stemple som «fake news». I 2019 har vi ofte moglegheita til å velge vår eiga «sanning».

Nokon trur at det er det vi gjer dersom vi trur på Bibelen. Vi har berre valgt å tru på den og bestemt oss for at det som står der er sant. Men det som står i Bibelen er ikkje fake news. Om ein undersøker, er det lett å finne gode grunnar for å tru både at Gud har skapt verda og at Jesus har stått opp frå dei døde.

Nyheitene frå Bibelen er gode nyheiter. Medan fake news kan gjera oss usikre, kan det vi les i Bibelen gjera oss sikre. Det som står der er sant. Gud har skapt oss, han elsker oss, vi kan få tru på han, han har døydd for oss, han ønsker å tilgje oss, han er sterkare enn døden. Det er godt å vita at noko er sant og godt i ei verd der dei daglege nyheitene kan vera usikre.

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

4. oktober: Leirdag 1. klasse  
5. oktober: Leirdag 2. klasse  
1.-3. november: Leir 3. klasse  
6.-8. desember: Adventsleir 4. klasse

### REFUEL

6. september  
20. september  
4. oktober  
18. oktober  
1. november  
15. november  
29. november  
13. desember

**Stad:** Rong senter  
**Tid:** 19.30–22.30

### GOSPEL TEENS

10. september  
24. september  
10. oktober  
22. oktober  
5. november  
19. november  
3. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje  
**Tid:** 18.00–20.00

### KRIK

30. august  
13. september  
27. september  
11. oktober  
25. oktober  
8. november  
22. november  
6. desember  
13. desember

**Stad:** Hjeltefjorden arena  
**Tid:** 19.30–21.30

### BABYSONG

2. september  
16. september  
30. september  
14. oktober  
28. oktober  
11. november  
25. november  
9. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje  
**Tid:** kl. 11

### SMÅBARNSONG

3. september  
17. september  
1. oktober  
15. oktober  
29. oktober  
12. november  
26. november

**Stad:** Blomvåg kyrkje  
**Tid:** kl. 17.30–18.30

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.  
E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.  
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

# Ny prostiprest i Vesthordland prosti

Knut Kaldestad er tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti etter Helge Unneland som gikk av med pensjon i sommer. Som prostiprest vil kyrkjelyden sjå mykje til Knut når soknepresten har sine fridagar og ferieveker. Han vil ha sitt virkeområde hovudsakleg i Fjell og dagens Øygarden.

**Tekst:** Olav Martin Vik

**Foto:** Privat



## KNUT KALDESTAD

- Alder: 64
- Vaks opp: I Gloppen
- Utdanning: Teolog med vidareutdanning i sjelesorg og vegleing
- Tek til i stillinga: 1. september

### *Kven er Knut Kaldestad?*

Eg er ein nordfjording som trivst godt i Fjell og det som skal bli nye Øygarden. Eg er ein takksam og glad mann, gift med Anne (som er pedagogisk leiar i kyrkjelyden). Og eg er ein prest som er glad i menneske og vert berika av gudstenester, som likar å forkyne og gledar meg til nye utfordringar.

### *Kva er ditt forhold til kommunane Fjell, Sund og Øygarden?*

Eg vart kjend med folk på øyane her vest då eg arbeidde i Bibelselskapet, med Aksjon Handskriven Bibel og innsamling til barnebiblar i Ukraina, Bibeldags-gudstenester, Vandring gjennom Bibelen og andre arrangement. Sidan 1997, då eg gifta meg med Anne, har eg budd i Fjell, først på Eide og sidan på Søre Bildøy. Då

har eg møtt mange menneske som eg har blitt glad i og inspirert av. Og eg veit at eg framleis har mykje å lære, både om Sund, Fjell og Øygarden.

### *Kvifor vart du prest?*

Eg har vore kristen sidan eg vart døypt i april 1955. I følgje Luther er alle som er døypte prestar, kalla til å forkyne Guds storverk. I det kristne ungdomsarbeidet i Gloppen fekk eg oppgåver som leiar og andaktshaldar. Eg vart inspirert til å studere teologi, som mange ungdommar frå Gloppen gjorde. Og når eg vart ferdig, opplevde eg det naturleg og meningsfullt å bli prest. Det berikar meg som menneske og som kristen.

### *Du har arbeida i Sjømannskyrkja. Korleis var det?*

Anne og eg har arbeidd på Lanzarote som vertskap og sjømannsprest. Det var seks flotte og lærerike år, med flotte menneskemøte, godt klima og vakker natur. Mange som ikkje går så mykje i kyrkjer i Norge, kom til sjømannskyrkja og opplevde det som ein raus møteplass. Slik kan det òg vere i kyrkja her heime.

### *Kvifor vil du vere prostiprest i Vesthordland?*

Etter å ha pendla til Bergen i fire omgangar, i Bibelselskapet og Bymisjonen, til

Haraldsplass og Fridalen, skal eg no endeleg vere prest der eg bur. Eg gler meg til å verte prostiprest og ha gudstenester og møte menneske – både i Hjelme, Blomvåg, Landro, Fjell og Foldnes. Så får eg lov til å samarbeide meir med Anne, kona mi, mellom anna ved Ungdomsleiarforum og Retreat i Fjell.

### *Korleis vert du opplevd som prostiprest?*

Dette bør vel helst andre svare på. Men eg håpar at folk vil oppleve meg som ein positiv og venleg mann, ein som ønskjer å følgje Jesus og verte prega av han. Eg håpar at folk vil oppleve meg som ein prest som tek folk på alvor med livet deira, slik det er, og som forkyner Gud, Skaparen som alltid opnar seg i grenselaus kjærleik. Som prest vil eg gjerne gje menneske mot til tru, håp og engasjement.

**Knut Kaldestad vert innsett i tenesta i gudstenesta i Hjelme kyrkje 8. september kl. 11.00**

## Årets barne- og ungdomsarbeidarar



### **Mathilde Karin Dale (26 år)**

Mathilde er frå Rong og har allereie arbeidd her eitt år. Det komande året skal ho arbeide i halv stilling, mest med konfirmantane og med leirane på Skjergardsheimen. I tillegg skal ho arbeide som kyrkjetenar i Blomvåg ein helg i månaden.



### **Lill Grete Stranda Rossnes (24 år)**

Lill Grete er frå Rognan i Nordland og studerer i Bergen. Ho har arbeidd her i to år allereie. Denne hausten skal ho arbeide i 20 prosent stilling, hovudsakleg med dei eldste ungdomane.



### **Matilde Solsvik (20 år)**

Matilde er frå Vik og er årets nye fjes som tilsett i kyrkja. Ho skal dette året gå på bibelskulen Substans i Bergen og skal arbeida 15 prosent i Øygarden, noko med konfirmantar og noko på leir. I tillegg skal ho arbeida 20 prosent i Landro med barnekor og konfirmantar der.



**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**Ferskvarespesialisten**

**Velsmakende varmmat**

**Fristende frukt og grønt**

**Nydelige nystekte bakervarer**

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

posten | trumf | Bank i butikk | **SPAR Rong tlf. 56 38 71 40**

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

## ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



*Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge*

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.  
Hjemmebesøk om ønskelig.  
E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)  
Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)  
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

## Din lokale elektriker!

### VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210  
[post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) - [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

## Vi formidler blomster til innland og utland



**INTERFLORA**

**Blomsterbua**  
Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**




Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravellesbyrå på Sotra.**

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**  
Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



## GRAVMINNER




**Løvaas Naturstein**

**Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen**  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig

**KIWI** mini  
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.07.00 – 23:00

Lørdagar 08:00 – 21:00



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsneset 2, 5337 Rong

e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)

[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

**Montér**

Øygarden Byggsenter AS

Pålsneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)

Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lørd 09.00-14.00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

• Tilbygg

• Nybygg

• Rehabilitering

• Montering og utleige av brakker Trelastlager Tjeldstø



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967



Vidar Vik Torsvik  
murmester

**TORSVIK MUR**

Alt i mur, puss og flisearbeid

Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)

# Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

## AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

## AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Konsert i Blomvåg kyrkje

Søndag 29. september  
kl. 19.00

Natalia Medvedeva - Orgel  
Ole Christian Ottestad -  
Altsaxofon og blokkfløyter  
Dei har spilt ein del  
konsertar saman i Bergen  
og på Sotra

Kyrkjekaffi frå kl. 18.30

Arr. Kyrkja i Øygarden. Kollekt ved utgangen

## ParVitaminer -ein samlivskveld for alle par

3. oktober kl. 19.00-21.30  
Toftøy Barnehage, Kronsalen

Gratis – Inga påmelding

med Irene og Øystein Elgen fra  
Familieskolen

3. oktober arrangerer soknerådet i samarbeid med  
Familieskolen ein temakveld om samliv. Her vert det  
tips til måtar å oppretthalde eit godt samliv. Ingen  
gruppesamtaler eller plenumsoppsummeringar,  
men tid for at du og din samlivspartner får snakka  
om det som vert fortalt. Det er absolutt mest tenleg  
å kome med din livsledsager.

Denne temakvelden passar for alle typar samliv,  
både heilt nye og dei som har vart i mange år.

Sjekk gjerne ut Familieskolen.no og  
Facebooksiden: ParVitaminer - noen tips  
om det gode samliv

Regi: Soknerådet i Øygarden

Konsert i  
Hjelme kyrkje  
søndag 13. okt.  
kl. 17.00



# Broken HALOS

Anita Heggholmen - song  
Audun Sekkingstad - Trommer  
Per Halvorsen - bass og song  
Idar Ørjansen - akk.gitar og song  
Kjetil Lynglund - piano og munnspeil  
Egil Skjelnes - Steelgitar

## Bibeltimar

Nautnes bedehus 2019

Onsdag 28. august kl 19.00  
Johnn Hardang (merk dag!)

Torsdag 26. september kl 19.00  
Sven Martinsen

Torsdag 17. oktober kl 19.00  
Asle Hetlebakke  
Emne: Guds gåver

Torsdag 14 november kl 19.00  
Audun Hjellvik  
Emne: Guds folk

Etter bibeltimane vert det  
kveldsmat og samtale.

## Eldretreff

Hjelme kyrkje  
kl. 17.00:

Onsdag 18. september

Onsdag 16. oktober

Onsdag 20. november

**Tednebyggane omsorgsenter**  
kl. 16.30:

Torsdag 26. september

Torsdag 24. oktober

Torsdag 21. november

**Felles juleavslutning på**  
**Tednebyggane:**

Onsdag 4. desember kl. 16.00

## Blomvåg Indremisjon har møte på Vestre bedehus i Blomvåg:

12. september kl. 19.00  
ved Reidun Skurtveit

30. oktober kl. 19.00  
ved Leiv Nesheim

12. november kl. 19.00  
ved Asle Hetlebakke

## Til lukke

### 70 år

- 4. sept Normann Inge Martinussen, Nesvegen 3
- 15. sept Leif Jarle Toft, Vestrevegen 100
- 28. sept Inger Alise Torsvik, Solvang 19
- 4. okt Solbjørg Helen Vik, Sjøvegen 11

### 75 år

- 2. sept Else Austbø, Solvang 23
- 2. sept Målfrid Torsvik, Knappevegen 37
- 11. sept Hjørdis Hellesund, Perhusbakken 4
- 11. sept Johnny Nautnes, Jensvardvegen 12E
- 16. sept Gerd Jorunn Vik, Sjøvegen 17
- 21. sept Bjørg Orlaug Askeland, Medarseta 18
- 21. sept Petra Karin Oen, Krokhøyen 12

### 80 år

- 6. sept Kristen Ingmar Sjø, Blomenutåsen 4
- 12. sept Oddbjørg Anna Vik, Raunholevegen 19
- 22. sept Gerd Herdlevær, Arsettunet 22

### 85 år

- 8. sept Oddlaug Johanne Solås, Storhøyen 1
- 5. okt Norvald Nikolai Hetlevik, Hellesøyvegen 52


### 90 år

- 17. sept Knuth Godtfred Wahl, Myrane 51
- 2. okt Astrid Rong, Moldbrekkene 8
- 6. okt Ingrid Margit Nyborg-Christensen, Nygardsvegen 8

### 95 år

- 1. sept Magnus Torolf Torsvik, Solvang 11

## Gudstenester / Service

 Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

### 1. sept. – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmant-presentasjon ved Espen Tveten. Dåp. Offer til NLM-Ung. Søndagsskule for borna.

### 8. sept. – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste ved Knut Kaldestad. Utdeling til 5.klassinger. Dåp. Offer til NLA-høgskulen. Innsetjing av ny prostiprest, Knut Kaldestad. God kyrkjekaffi.

### 15. sept. – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling til 5. klassinger. Dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 22. sept. – Hjeltefjorden Arena kl. 11.00

Song- og musikk-gudsteneste ved Espen Tveten. Song av Gospel teens og Lyskastaren. Nattverd. Offer til Øygardssong-arrangementet.

### 29. sept. – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten og prost Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Laget. Søndagsskule for borna.

### 6. okt. – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## Døypte

### Blomvåg

- Lucas Snarberg Thorsby, Torvhaugen
- Oliver Legreid Halland, Raudhammaren
- Matteo Leòn Knarvik, Ågotnes
- Elena Stockman Mikkelsen, Bårdalslivegen
- Emma Rong Sæle, Blomøyvegen

### Hjelme

- Solveig Barnung Jåstad, Gjervhella
- Sina Rong Tynes, Brotet
- Boushra Khidhr Saqr, Bergen
- Emilie Wollertsen Djupevåg, Krokhøyen

## Vigde

### Blomvåg kyrkje

- Helene Legreid Halland og Stefan Halland

### Hjelme kyrkje

- Silje Bakke og Frode Pedersen

## Døde

### Blomvåg

- Aslaug Charlotte Husebø, Blomvåg f. 1923
- Tor-Christian Andersen, Rong f. 1981
- Svein Bernhard Lind, Tjeldstø f. 1950

### Hjelme


- Anna Karina Tjong, Nautnes f. 1933
- Vivian Linnea Sulen, Ovågen f. 1934

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Øygarden:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor Øygarden:** Posten Norge

**Returadresse:**  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong



Dåp

## Dåp. Ein god start på livet.

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste. Dei fleste barn blir døypte når dei er omlag tre månader.

For informasjon ta kontakt med kyrjekontoret på tlf. 55 09 74 40 eller e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

vipps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Hjelme gamle kyrkje  
opningshelg

**Konsert**  
ettermiddag/kveld 26. oktober

**Gudsteneste**  
27. oktober kl. 11.00

Meir detaljert program  
kjem i neste nummer.

I høve kommune-  
samanslåinga vert det  
arrangert fellesgudsteneste  
søndag 5. januar kl. 11.00 i  
Sotra Arena



DEN NORSKE KYRKJA